

Møtereferat

FAU - Årsmøte Sund ungdomskule

Dato: 11.09.25
Møteleder: J. Håkonsund
Referent: J. Håkonsund



	Representant		Vara	
8A	Marianne Glesnes	X	Lisbeth Hjelle	
8B	Margrethe Fikse	X	Margriet Tøgard	
8C	Ingvild Bessesen Eide	X	Mariell Høyland	
8D	Roger Førde	X	Margun Wikum Olsen	X
8E	Liv Toril Furuset Golf	X	Anette Hammersland	
9A	Jannicke Håkonsund	X	Kristin Skage	
9B	Charlotte Solsvik		Michael Grote	X
9C	Luminita Simona Mihaila	X	Kari-Anne Glesnes	
9D	Hilde Bakke Howard	X	Joni Risa	
9E	Jeanette Forland		Cecilie Kalvik	
10A	Kjetil Klepsvik	X	Inge Vik	X
10B	Jeanett Angeltveit	X	Marita Hamre	
10C	Ida Einebærholm	X	Sølve Golten	
10D	Bente Blomvågnes-Bakke	X	Miriam Haugstad Blomvågnes	
10E	Jørgen Kausland	X	Silje Bøthun	X
Rekt.	Anne Hufthammer	X		
Rådg				

1. Informasjon frå tidlegare nestleiar

- Tidlegare nestleiar viste heimesida til Sund ungdomsskule, og der ein kan finna informasjon om FAU, retningslinjer, vedtekter, årshjul og referat
- Vi gjekk gjennom vedtekta til FAU og årshjulet

2. Val av leiar og nestleiar

- Bente Blomvågnes-Bakke er vald som ny leiar
- Jannicke Håkonsund held fram som nestleiar
- Trafikkgruppa består no av Kjetil Klepsvik, Margrethe Fikse og Roger Førde
- Sponsorgruppa består no av Jeanett Angeltveit og Ingvild Bessesen Eide
- Gruppa for sosiale medium var det ingen som meldte interesse for, og den vil derfor ikkje bli vidareført

3. Kort informasjon frå rektor

- Rektor fortel om oppstarten til dei ulike trinn, som nå består av 15 klassar og 349 elevar.

- Skulen har helsesjukepleiar 100 %, og skulelege ein dag i veka
- Erasmus-programmet: To elevar får reise på utveksling til Spania, og to elevar frå Spania får reise hit. I tillegg skal ei gruppe reise til Italia og få ei gruppe tilbake og ei til Brussel.
- Førre skuleår var rektor med ei gruppe på jobbskugging i Portugal. Dette skuleåret er det planlagt ny jobbskugging.
- Knutec legg til rette for ei alternativ form for undervisning
- Skulereglar: brukar Øygarden kommune sine skulereglar, men ynskjer eit tillegg «Ein skal heller ikkje ha energidrikk, brus og søtsaker med mindre det er avtala med lærar i særlege høve.»
- Gjennomgang av permisjonsreglar, kva som blir vektlagt for å kunne gje permisjon, og at skulen kan avslå søknad om permisjon.
- Rekneskapen for sommarballet viste eit overskot på 1450 kr. Vart også tatt opp utfordringar som at ungdom frå andre stader dukkar opp.
- Prosjektveka: ei veke der me oppløyser timeplanen, klassane og trinna. Inga karaktervurdering. Framsyning på Panorama. Har mottatt nokre sponsormidlar, men det er behov for meir.
- Heim – skule-samarbeidet: skuffa over oppmøte på foreldremøta. Ikkje alle klassane er flinke til å arrangere sosialkveldar, kva skal me gjera for å få opp engasjementet?

4. Møtedatoar

- Det passa for dei fleste å ha møtedag tysdagar kl. 18:00
- Framtidige FAU-møter:
 - 14.oktober
 - 11.november
 - 13.januar
 - 10.mars
 - 5.mai

5. Eventuelt

- Vanskeleg å få med seg informasjon sendt på e-post. Rektor sender ut påminning om FAU-møte i forkant.
- Forslag om å opprette spond-gruppe for FAU-representanten.
- Problemstillinga som rektor tok opp ang manglande engasjement vart teke opp.